

Hognestad skule

Møtereferat elevråd

Møtedato 27.08.24

Til stede: Trym Hognestad, Vilde Gudmestad Hognestad, Jens Garborg Horpestad, Vilje Topdal-Ølberg, Ane Hadland, Jenny Fjellanger, Torjer Gudmestad Hognestad, Lilja Garborg Horpestad, Pascal Dominic Hopp, Jonas Lomeland, Ingveig Nærland Ødegård og Kristin Sando

Neste møte: 24.09.24, kl. 11.55-12.55, på mat og helse rommet.

Saker:

1. Val av elevrådsleiar og nestleiar

Lilja vart vald til leiar og Jonas til nestleiar.

2. Informasjon om korleis elevrådet arbeidar, om Barn og unges kommunestyre, Samarbeidsutvalet (SU) og FAU

Lilja, Jonas og Jens vart vald til å delta i SU, med Torjer som vararepresentant. Ingveig informerte om dei ulike oppgåvene og korleis elevrådet arbeidar.

3. Informasjon om utviklingsplanen

Ingveig informerte om måla i utviklingsplanen til Hognestad skule, der me har ekstra fokus på lesing, engelsk og korleis me kan auka motivasjonen hos elevane. Me arbeidar med det som kom fram i barn og unges kommunestyre i 2023, der elevane ynskte meir variasjon, samarbeidsoppgåver og tydelege mål. Me vil sjå etter dette i desember, mars og juni.

4. Informasjon om ny opplæringslov, og den nye §12 om trygt og godt skulemiljø

Rektor informerer om at det er kome ein heilt ny lov no i august, med litt endringar, men med fortsatt fokus på at alle skal ha eit trygt og godt skulemiljø. I den forbindelse gjekk elevrådet òg gjennom friminuttsreglane og trivselsreglane. Elevrådsrepresentantane kom med innspel til oppdateringar på reglane som rektor tek med seg vidare til dei tilsette.

5. BliMe-dansen. Kvar kan me filma BliMe-dansen?

Elevrådet kom med forslag om at me kunne stå i hjarteform, eller i ein stor H. Evt viss me får det til, skriva BliMe, eller Hognestad. Kan òg verta fint om me står i puljer/grupper.

Dei føreslo å stå framføre haugen, eller med flaggstonga, og at den som filmar står i eit klasserom.

6. Hei Verda.

Elevrådet fekk informasjon om kva for land som var aktuelle for Hei Verda i år. Valet stod mellom Zambia, Peru og Bangladesh. Elevrådet gjekk einstemmig inn for Zambia.

7. Mapahoney

Elevrådet ynskjer veldig at det blir Mapahoney i år óg. FAU må avgjera om bilane er i god nok stand, men me satsar på 19. september kl.17-19.

8. Eventuelt

Innspel frå elevane; Må me ha lekser? Saka blir teken opp igjen neste gong.

Referent

Kristin Sando